

Ei verdig eldreomsorg

For Finnøy Venstre er det svært viktig å prioritere dei eldre og hjelpetrengande i kommunen. Fir fire år sidan gjekk me til val med eit løfte om å jobbe for utbygging av sjukeheimen. I eit lesarinnlegg førre veke skreiv Berit Ritland Kvame at særleg Venstre og Krf har lova ny sjukeheim. Venstre gjorde det dei lova, me ynskte å gjere noko med situasjonen på sjukeheimen i denne perioden, men fekk berre Høgre med oss og difor ikkje fleirtal. Krf stemte mot og har vore tydelege på at dei ikkje ynskte å gjere noko i denne saka, sjølv om dei hadde løfter om dette før valet.

Utbygging av sjukeheimen skal ha høg prioritet for Venstre og i komande periode. Me ynskjer å starte planlegging i 2016 og bygging etter det. Gjerne i to byggetrinn. Me prioriterer dette av fleire årsaker. Det er viktig å bruke god tid på planlegging slik at resultatet vert best mogleg. Det løner seg aldri å ha dårlig tid i planleggingsfasen. Så veit me at utbygginga ikkje skjer på eit år, praksis i Finnøy har vore at utbyggingsprosjekt tek mykje lengr tid enn planlagt. Behovet for sjukeheimsplasser vil vere presserande, seinast frå 2010. Alt i dag er det 7 personar som ventar på langtdisplass på sjukeheimen og me må antakelge sende eldre ut av kommunen snart for å gje dei den hjelpa dei har krav på.

Arbeidarpartiet sa i debatt på Sjernarøyane denne veka at dei ynskte storkommune med Stavanger, og at me då kunne rekne med at det berre var ein avdeling att på Judaberg. Krf har i valkampen vore veldig tydelige på at dei vil vente fleire år før dei startar planlegging av utbygginga. Eg forstår ikkje denne prioriteringa.

Venstre vil at alle eldre og pleietrengande skal få den hjelpa dei treng når dei treng det, og i eigen kommune. Pleietrengande eldre skal ikkje sendast frå øyane våre! Me vil gje dei eldre den respekta dei fortener.

Godt val!